

**REGULERINGSPLAN for  
VIKJA  
VIKSDALEN, Gaular kommune.**

Bd 043 rn04

REGULERINGSFØRESEGNER

**Pgr. 1**

**1.1.**

Det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense.

**Pgr. 2**

**2.1.**

Området er regulert til:

- |                    |  |
|--------------------|--|
| BYGGEOMRÅDE        | - bustadformål                               |
|                    | - offentlege formål (skule, kyrkje)          |
|                    | - ålmennyttige formål                        |
| (Blanda formål)    | - bustad-/næringsformål                      |
|                    | - forretn.-/kontor-/næringsformål            |
|                    | - kontor/off.formål                          |
| LANDBRUKSOMRÅDE    | - jordbruksformål                            |
| OFF. TRAFIKKOMRÅDE | - off. køyreveg (riksveg)                    |
|                    | - gang-/sykkelveg (fortau)                   |
|                    | - busshaldeplass                             |
|                    | - anna trafikkareal (skjæring, fylling o.l.) |
| FRIOMRÅDE          | - friområde                                  |
| SPELALOMRÅDE       | - friluftsområde (land)                      |
|                    | - friluftsområde (vassdrag)                  |
|                    | - rasteplass                                 |
|                    | - jordbruksformål m/ restriksjonar           |
|                    | - komm.teknisk anlegg (vassverk)             |
| FELLESOMRÅDE       | - felles trafikkareal/køyretilkomst          |

## Pgr. 3

### BYGGEOMRÅDA

#### 3.1. Plankrav

##### 3.1.1.

I samband med byggemelding skal det framleggast for kommunal godkjenning situasjonsplan som viser korleis heile tomta skal utnyttast. På planen skal visast areal for parkering / carport / / garasjer, areal for av- og pålesing, evt. lagringsareal, terrengmessig handsaming, eventuelle forstøtningsmurar, gjerde o.l.

#### 3.2. Bustadområda

##### 3.2.1.

Det kan oppførast frittliggande bustader i 1 ½ etasje. Bygning(ar) skal ha saltak, med takvinkel mellom 25 og 45 grader.

##### 3.2.3

Garasje kan plasserast inntil 0,7 m frå nabogrense, evt. samanbyggast med garasje på nabotomt.

#### 3.3. B/F – områda

##### 3.3.1.

Områda kan nyttast både til bustadformål og næringsformål. Næringsaktiviteten må ikkje vere av ein slik karakter at den er til ulempe for bustadmiljøet.

##### 3.3.2.

Kommunen vil i kvart einskild tilfelle sette krav om tal på parkeringsplassar som må tilretteleggast for å dekke det behov som den aktuelle tomtebruka tilseier.

#### 3.4. N/F – område

##### 3.4.1.

Området kan nyttast til forretning, kontor og produksjonsverksemd, samt tilbod i tilknytning til reiseliv (severing, overnatting, info m.m.).

##### 3.4.2.

Bygning(ar) kan oppførast med 2 etasjer, og skal ha saltak med takvinkel 25 – 45 grader.

#### 3.5. O/K – område

##### 3.5.1.

Området kan nyttast til offentlege formål, og til off./privat kontorverksemd.

#### 3.6. Material- og fargebruk

##### 3.6.1.

For alle byggeområda gjeld at det ikkje må nyttast utvendig kledning, taktekking, dør-/vindu-el. a. faste bygningselement som i material- og fargebruk som verkar dominerande (gjev signal-effekt) eller skjemmande for omgjevnaden

## **Pgr. 4**

### **FRIOMRÅDE**

#### **4.1. Friområde**

##### **4.1.1.**

Innan friområda kan det opparbeidast anlegg for leik, rekreasjon og andre fritidsaktivitetar, etter detaljplanar som er godkjende av kommunen.

## **Pgr. 5**

### **SPESIALOMRÅDE**

#### **5.1. Friluftsområde (land)**

##### **5.1.1.**

Friluftsområda skal vere tilgjengeleg for ålmenta.

Innan friluftsområdet er det ikkje høve til å oppfør bygg og anlegg, eller føreta landskapsmessige inngrep.

#### **5.2. Rasteplassar**

##### **5.2.1.**

Rasteplassane kan opparbeidast etter detaljplanar som er godkjende av kommunen. Planane skal gjere greie for terrengutforming, beplanting, møblering, formgjeving, materialbruk o.l.

## **Pgr. 5**

### **ÅLMENT**

##### **5.1.1.**

Kommunen kan gjere mindre unntak frå denne utbyggingsplanen og føresegnene, innafor rāmene som til einkvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Førde den 17.03.03

KjM